



Hardangerrådet iks



Hardanger

**INNKALLING TIL MØTE I
HARDANGERRÅDET OG RÅDMANNNSFORUM**

Dato: Torsdag 05.06.2025
Klokka 09.00-15.00
Stad: Fossehuset, Kvam herad

Agenda: Hardangerrådet og Rådmannsforum

09.00 - 11:30 Felles sakshandsaming

11.30 - 12:30 Lunsj

12.30 - 15:00 Presentasjonar

12:30 - 13:00 Investeringsfondet Hardanger og Voss m/Per Berge

13:00 - 13:30 Erfaringsdeling Merkesertifisering m/Hilde Eide Helland,
Visit Sunnhordland (digitalt)

13:30 - 14:00 Ny regional reiselivsstrategi for Hardanger m/Margit Lund-Mikkelsen,
VHF og Torill Olsson, Mimir

14:00 - 14:30 Framtidsfylke m/Linda Hovland (digitalt)

14:30 - 15:00 Pilot; Inkluderingsprosjekt / arbeidintegrering
m/Sarifa Moola-Nernæs, Grannehjelpen Kvam

Saker til handsaming:

HR-RF sak 16/25 Innkalling og sakliste

HR-RF sak 17/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte og Rådmannsforum 23.04.2025

HR-RF sak 18/25 Meldingar

HR-RF sak 19/25 Orienteringssaker

HR-RF sak 20/25 Drøftingssak - Forvaltningsplan Hardangerfjorden

HR-RF sak 21/25 Strategi og Handlingsplan

HR-RF sak 22/25 Møteplan Hausten 2025

HR-RF sak 23/25 Saker som kjem til.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 30.05.25

Timo Knoch
Rådsordførar

Magnus Steigeland
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



MØTEBOK

Rådmøte i Hardangerrådet

Dato: Onsdag 24.04.2025 Klokka 10.30-15.00

Stad: Kinsarvik, Ullensvang kommune

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordførar Timo Knoch - rådsordførar
Kvam herad:	Ordførar Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordførar Roald Aga Haug
Ulvik herad:	Varaordførar Stig Yngve Røkenes
Rådmannsforum:	Rådmann Magnus Steigedal
Hardangerrådet iks:	Styreleiar Jon Olav Heggseth
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
Hardangerrådet iks:	Konsulent Trude L. Rinaldo

Sakshandsaming

HR-sak 08/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 09/25 Godkjenning av møtebok frå Rådmøte

Vedtak:

Møteboka fra 12.02.25 godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 10/25 Meldingar

Vedtak:

Meldinga er teke til vitande.

HR-sak 11/25 Orienteringssaker

Vedtak:

Orienteringane er teke til vitande.

HR-sak 12/25 Oppstart med rullering Regional Transportplan og innspel Nasjonal transportplan

Vedtak:

Hardangerrådet sender inn desse innspela til *“Rulleringa i 2025 av Regional transportplan 2022 - 2033”*.

Innspel til plantema 1. til 3. i regional transportplan:

Rassikring av vegnettet i Hardanger.

Hardanger er særst rasutsett og ein opplever fleire vegstengningar grunna ras. Store lokalsamfunn vert isolert og beredskapen iht helse og tryggleik må iverksetjast. Ferdsel på vegnettet medfører stor fare for trafikantar som opplever å stå i stillestående kø i særst rasutsette område. Hardanger ynskjer eit trygt vegnett for sine innbyggjarar.

Utbetringar/møtepunkt mellom tettstadar i Hardanger:

Prioritere samferdselstiltak og utbetringar/møtepunkt mellom tettstadane i Hardanger for å sikra mobilitet iht utrykningar, beredskap, arbeidsmarknad, utdanning jfr skule og barnehage, næringslivet, turistar og andre reisande. Utbetring av flaskehalsar må prioriterast. Hardanger ynskjer ein betre bu- og arbeidsmarknadsregion.

Kollektivtransport:

HU - Hardanger og Voss Ungdomsråd fremja under Opplæringskonferansen 2025 i Norheimsund den 31.03.2025 eit stort behov for eit betre og billigare kollektivtilbod. HU etterlyser eit busstilbod etter skuletid og i helgane. HU vil ha ordningar som "Heim for ein 50 lapp" og "Hent meg" ordningar. Hardanger ynskjer eit kollektivtilbod tilpassa brukarane og då spesielt tilpassa dei unge i regionen. Hardangerrådet ber om at fylket aukar i midlar til LTU (Lokaltransport for ungdom) og til LTU i Hardanger..

Ferjeruter i Hardanger må få høgare prioritet.

Ferje Tørvikbygd - Jondal, trekantsambande Kvandal - Utne - Kinsarvik vil lette trafikken på tronge, rasutsette vegstrekingar og gje auka beredskap i heile regionen. Hardanger ynskjer å leggja til rette for jobbpendling internt i regionen.

Båtruter / turistbåtruter:

Hardangerrådet har jobba for å bevare turistbåten i Hardanger. Bevilgningar for oppretthalding av ruta bør vere gjeldande for 2026 og framover. Tiltaket må gjevast langsiktighet. Hardanger ynskjer eit kollektivt transporttilbod på sjø for å letta trykket på vegane og frakta større grupper i ein særst pressa sesong på vegnettet. Båtruta Rosendal-Os-Flesland-Bergen må sikrast framover. Turistruter må gjes lengre tidshorisont for å sikra reiselivnæringa føreseieligheit iht booking etc. Tiltaka over vert knytt til målsettingane og delmål gitt i plantema 1. til 3. i regional transportplan.

Finansiering

Statlege overføringar til infrastruktur og mobilitet må auka. Vestland og Hardanger har store utfordringar til å kunne levere eit trygt og effektivt transportsystem. Utbetring av vegnettet, rassikring og kollektivtransport må få tilstrekkeleg finansiering til å møta dei utfordringane ein står overfor iht klima og miljøpåverknad.

Nasjonalt ansvarsområde

Nasjonal transportplan vert handsame i 2026, men innhenting av kunnskapsgrunnlaget har alt starta. Hardangerrådet ynskjer å fremje ei felles samla prioriteringsliste over tiltak inn mot NTP.

Vurderingar:

Forslag til prioriterte tiltak i RTP.

1. Rassikring
2. Samferdselsårer mellom tettstadane i Hardanger
3. Kollektivtransporten
4. Ferjeruter i Hardanger
5. Båtruter/Turistbåtruter i Hardanger

HR-sak 13/25 Hardangerkonferansen 2025

Desse teamene ønskjer Hardangerrådet å ta opp

- Beredskap
- KI - for SMB og veldig konkret (kan me henvenda oss til NHO norge)
- Bustadbygging - bruka handlingsrommet for å få nye bustader
- Kvifor Hardanger? - kvifor skal ein velga å koma til Hardanger? Kva må næringslivet vera med å støtta opp om.
- Investor og såkornfondet.

Innspel frå rådet: Arbeidstittel: **Kvifor Hardanger?**

Innspel konfransier; Jens Kiehl - avtroppande kulturredaktør i BT.

HR-sak 14/25 Strategi og Handlingsplan**Vedtak:**

Administrasjonen vert gjeven mandat til å:

- Gjennomføra kartlegging og innhenting av kunnskapsgrunnlag for revidering av strategi og handlingsplan for Hardanger
- Revidera utkastet til Interpolitisk Råd og Interkommunalt selskap for omorganisering til IPR og IKS

Bemanning Hardangerrådet:

- Administrasjonen kan bestå av to tilsette
- Bemanning skal evaluerast 2027

HR-sak 15/25 Saker som kjem til.**Innmeld sak: Felles forvaltingsplan for Hardangerfjorden****Vedtak:**

Planen vert ikkje utarbeidd som eit bindande juridisk dokument.

Hardangerrådet ber ein av kommunane om å gjennomføra på vegne av regionen.

Kommunane har ikkje avsett dedikerte ressursar til dette arbeidet pr dags dato.

Ein kartlegg mogleg tilgjengelege ressursar og drøftar framdrift i fellesmøte 5. juni 2025.

Møteboka godkjent 24.04.2025

Timo Knoch
Rådsordførar



Hardangerrådet iks



Hardanger

REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

23. april 2025, 13.00-15.00. Digitalt

Tilstades: Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar
Thore Hopperstad, Ulvik herad
Anita Hesthamar, Kvam herad
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune
Administrasjon: Ann Irene Eliassen Myrheim og Trude L. Rinaldo

Saker til handsaming:

RF-sak 08/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

RF-sak 09/25 Godkjenning av referat frå Rådmannsforum

Vedtak:

Referat frå 28.01.25 godkjent slik det ligg føre.

RF-sak 10/25 Meldingar

Vedtak:

Meldinga er teke til vitande.

RF-sak 11/25 Orienteringssaker

Vedtak:

Orienteringane teke til vitande

RF-sak 12/25 Oppstart med rullering Regional Transportplan og innspel Nasjonal transportplan

Vedtak:

Drøfting uten framlegg til vedtak.

RF-sak 13/25 Hardangerkonferansen 2025

Drøftingssak:

Innspel til agenda, tema og føredragshaldarar.

Vedtak:

Drøfting uten framlegg til vedtak.

RF-sak 14/25 Strategi og Handlingsplan**Vedtak:**

Framlegg til arbeid med strategi og handlingsplan vert teken til vitande.

Rådmannsforum gjorde merksam på at forumet ikkje hadde fullmakt til å vedta noko som innebar auka kostnader i Hardangerrådet.

Ev. auke i medlemstilskotet frå kommunane må vedtakast av dei ulike kommunestyra, og vurderast opp mot andre økonomiske omsyn i medlemskommunane.

RF-sak 15/25 Saker som kjem til.

- **Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden**

Vedtak:

Det er ikkje tilstrekkeleg med midlar for gjennomføring av omsøkt felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Rådmannsforum ønskjer å drøfta vegen vidare i fellesmøte med Hardangerrådet 5.juni 2025.

Kinsarvik, 23.04.2025

Trude Rinaldo

ref.



Hardanger

Møtedato 05.06.25

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 18/25 Meldingar

Dokument til orientering:

1. Våre søknader til Sparebankestiftinga Hardanger
2. Fjordvegen Rv 13 - stillingsutlysing

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingane til vitande



Hardanger

Møtedato 05.06.25

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 19/25 Orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Turistbåtruta
2. Opning Hardanger Tingrett
3. Synfaring og mini seminar med Nasjonal Rassikringgruppe 25 - 26. juni 2025

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Hardanger

Møtedato 05.06.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR - RF sak 20/25 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Framlegg til vedtak:

Kommunane i Hardanger utset å gjennomføra planarbeid for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.

Kommunane har per i dag ikkje kapasitet til å setja av dedikerte ressursar, og kan såleis ikkje gjennomføra prosjektet på noverande tidspunkt.

Bakgrunn for saka:

Administrasjonane i Hardanger og Voss har utarbeidd framlegg til prosjektplan for felles arealforvalting av Hardangerfjorden.

Det vart vurdert at det ikkje er formålstenleg å utarbeida ein juridisk bindande plan frå Vestland fylkeskommune, men i staden ein felles plan etter PBL §§ 9.1-9.7, som eit interkommunalt samarbeid.

Arbeidet er uansett omfattande, og vil krevja både tid og ressursar frå kommunane.

Saksopplysningar:

Historiske vedtak:

HR-sak 03/23 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Vedtak:

Hardangerrådet utarbeider ein ikkje juridisk bindande felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Planen skal vera forankra i PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid. Oppstart av arbeidet skjer etter kommunevalet 2023. Regionrådet sender saka over til rådmannsforum for vidare oppfølging mot planavdelingane i medlemskommunane."

HR-sak 09/24 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Vedtak:

Hardangerrådet sende vedtaket likelydande tilbake til Rådmannsforum. Det er opp til dei kommunale planavdelingane å arbeida fram forslag og laga avgrensingar for planarbeidet, som så kan sendast til kommunane for vedtak. Leiar i rådmannsforum i samråd med administrasjonen i Hardangerrådet koordinerer samarbeidet

HR-sak 15/25 Saker som kjem til. Innmeld sak: Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

Vedtak:

Planen vert ikkje utarbeidd som eit bindande juridisk dokument. Hardangerrådet ber ein av kommunane om å gjennomføra på vegne av regionen. Kommunane har ikkje avsett dedikerte ressursar til dette arbeidet pr dags dato.

Ein kartlegg mogleg tilgjengelege ressursar og drøftar framdrift i fellesmøte 5. juni 2025.

Vurderingar:

Arbeidet med ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden er omfattande, og vil krevja både tid og ressursar frå kommunane.

Ein slik forvaltningsplan ligg også til statsforvaltaren sitt ansvarsområde.

Det er omsøkt og innvilga prosjektskjønnmidlar frå Statsforvaltaren i 2025 på 400 000 kroner, men desse midlane er ikkje tilstrekkelege til å dekkja det samla ressursbehovet.

Kommunane har ikkje avsett dedikerte ressursar til å gjennomføra dette prosjektet i sin stab eller sine budsjett no, og med dei utfordringar kommunane har, må dette planarbeidet utsetjast.

Økonomisk konsekvens:

Prosjektet har fått 400 000 kroner i støtte frå Statsforvaltaren, men dette dekkjer ikkje det samla ressursbehovet. Kommunane må bidra med eigne midlar og personell, noko dei per i dag ikkje har kapasitet til.



Møtedato 05.06.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 21/25 Strategi og handlingsplan

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Vedtak i Hardangerrådet jfr. HR-sak, 14/25 Strategi og Handlingsplan den 24.04.2025

Vedtak:

Administrasjonen vert gjeven mandat til å:

- Gjennomføra kartlegging og innhenting av kunnskapsgrunnlag for revidering av strategi og handlingsplan for Hardanger
- Revidera utkastet til Interpolitisk Råd og Interkommunalt selskap for omorganisering til IPR og IKS

Gjeldande strategiplan for Hardangerrådet 2021–2024 må reviderast, og arbeidet med ny strategiplan for 2025–2028 skal i gang. For å sikra god måloppnåing, forankring og effektiv ressursbruk, er det naudsynt å få avklart rammer og innretning for den komande strategiprosessen.

Saksvedlegg:

1. Overordna strategi 2021 - 2024
2. Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2025-2026

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Selskapsavtale Hardangerrådet iks 22.10.2020

Saksopplysningar:

Strategiplanen er Hardangerrådet sitt viktigaste verktøy for å styra og prioritera det interkommunale samarbeidet. Det er behov for politiske avklaringar knytt til:

- Om strategiplanen skal vere sektorovergripande og omfatta samfunnsutvikling, samferdsle, kompetanse, klima, bustad og næringsutvikling generelt.
- Om ein skal utarbeida eigne delstrategiar for prioriterte næringar (f.eks. landbruk, havbruk).

Frå Hardingtinget 15. februar 2025 vart følgjande områder peikt på som område ein kan samarbeida om: (i prioritert rekkefølje)

Gje skår på skala frå 0-10

Kva er dei viktigaste sakene Hardanger kan stå saman om høvesvis nasjonale mynde - framover?

1. Samferdsel, vegar og rassikring
2. Utdanning og arbeidskraft
3. Kraftinntekter og - situasjon
4. Utvikling reiseliv
5. Næringsutvikling
6. Kultur, marknadsføring og merkevarebygging
7. Jordbruk - frukt og sider
8. Sjukehus, helse og omsorg



Mål for Hardangerregionen er fastsatt i selskapsavtalen for Hardangerrådet iks.

Mål for Hardangerregionen:

- I Hardangerrådet skal me byggja ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
- Hardangerrådet skal vera eit strategisk organ for Hardanger, og gjennom samhandling bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.
- Hardangerrådet skal vera ein aktiv pådrivar og arbeida strategisk med samfunnsutvikling på ulike arenaer.
- Hardangerrådet skal arbeida for ein regional innovasjonskultur med fokus på kunnskapsoverføring og interaktive læringsprosessar.
- Hardangerrådet skal vera ein regional innovasjonsleiar med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
- Hardangerrådet skal ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying og omstilling ved at det kan gjera regionen i stand til å identifisera og samla seg om nye utviklingsspor og moglegheiter.
- Hardangerrådet skal representera regionale interesser overfor fylkeskommunen, stortings- og regjeringsapparat, den statlege forvaltninga og det statlege verkemiddelapparatet.
- Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter

Fastsetjing av overordna rammer for samarbeid iht utarbeiding av strategiplan er nødvendig iht noko avgrensing av tilfang av dokumentasjon i arbeidet med ny plan.

I Overordna strategi 2021 - 2024 har Hardangerrådet fastsatt følgjande hovedsatsingsområder:

1. Regional utvikling: Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. Humankapital/Innbyggjarar: Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. Næringsutvikling: Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. Infrastruktur: Samferdsel og digital infrastruktur/5G

5. Smart innovasjon: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.

Hardangerrådet må ta stilling til kva tema og samfunnsområde som skal inngå i ny strategiplan for perioden 2025–2028.

Det skal avklarast om strategiarbeidet skal omfatte alle sentrale næringar i regionen, eller om det skal utarbeidast egne strategiar for nokre sektorar til dømes samferdsel, kultur, rekruttering eller andre.

Felles strategiplan skal vere i samsvar med nasjonale, fylkeskommunale og kommunale planar. Dette for å sikre at planen fungerer som eit gjeldande strategidokument for alle kommunane i Hardangerrådet. Planen skal òg vere i tråd med samarbeidsavtalen, og ha som mål å skapa meirverdi for dei deltakande kommunane.

Vurderingar:

For å sikre ein effektiv og målretta strategiprosess, er det viktig at ramma for arbeidet vert klargjort i forkant. Det må avklarast om Hardangerrådet skal avgrensa seg til samordning og overordna samfunnsutvikling, eller om ein òg skal ha eit strategisk ansvar for næringsretta innsatsområde.

Økonomisk konsekvens:

Val av strategisk innretning vil ha betydning for omfanget av planarbeidet og ressursbruk. Utarbeiding av egne næringsstrategiar, vil krevje meir omfattande prosessar og ressursar, både internt og eventuelt med ekstern bistand.

Overordna strategiplan for Hardangerrådet 2021 - 2024

Visjon for Hardanger:


Hardanger skal vera ein god og berekraftig region å leva i, å arbeida i og utvikla seg i.
Hardanger skal vera ein region med høg grad av samarbeid og tillit.

Mål for Hardangerregionen:

- I Hardangerrådet skal me byggja ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
- Hardangerrådet skal vera eit strategisk organ for Hardanger, og gjennom samhandling bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.
- Hardangerrådet skal vera ein aktiv pådrivar og arbeida strategisk med samfunnsutvikling på ulike arenaer.
- Hardangerrådet skal arbeida for ein regional innovasjonskultur med fokus på kunnskapsoverføring og interaktive læringsprosessar.
- Hardangerrådet skal vera ein regional innovasjonsleiar med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
- Hardangerrådet skal ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying og omstilling ved at det kan gjera regionen i stand til å identifisera og samla seg om nye utviklingsspor og moglegheiter.
- Hardangerrådet skal representera regionale interesser overfor fylkeskommunen, stortings- og regjeringsapparat, den statlege forvaltinga og det statlege verkemiddelapparatet.
- Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter

Hovudinnsatsområder er :

1. **Regional utvikling** : Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Humankapital/Innbyggjarar**: Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.





Arbeidsplan for Hardangerrådet 2025/2026



Hardangerrådet

Framlegg til årsmøtet 2025					
Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og rådsordførar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Informasjon
Heimeside på Internett	Ajourhald av heimeside www.hardanger.com og sosiale medier	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som er aktuelle for regionen.	Fortløpande	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent.	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda Særleg fokus på samarbeid med Sogn regionråd	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering



Arbeidsplan for Hardangerrådet 2025/2026



Hardangerrådet

Kraftsaker i regionen	Arbeida for at kraftressursane vert utnytta lokalt og ikkje ført ut av regionen. Jfr. oppfølging av Grøn Region Indre Vestland	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	Kontinuerleg	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferansen i saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	Årleg	Dagleg leiar og konsulent	Samarbeid og Koordinering
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og eigne prosjekt	Søkje internasjonale prosjekt	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt, sider og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ei merkevare som styrkjer næringslivet i regionen.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring
Prosjektarbeid	Fremja Hardanger	Styrka Hardanger som region	Kontinuerleg	Dagleg leiar, konsulent, politiks, Team Hardanger	Samarbeid, koordinering
Omdømebygging	Styrkja Hardanger sin posisjon som attraktiv bu- og arbeidsregion	Leggja tilrette for tilstrekkeleg tilgang på rett kompetanse til arbeidslivet.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Utdanningstilbod Næringsutvikling Marknadsføring



Hardanger

Møtedato 05.06.25

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 22/25 Møteplan Hausten 2025

Administrasjonen ynskjer å flytte møte 23. oktober grunna invitasjon frå Vestland Fylkeskommune til Samarbeidskonferansen 22 - 23 oktober 2025

2025	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet/ Representant- skapet		Onsdag 12. Kvam		Torsdag 24. Ullensvang Årsmøte		Torsdag 5. Kvam fellesmøte	Torsdag 18. Eidfjord	Torsdag 23. Ulvik		Fredag 12. Ullensvang fellesmøte
Hardingtinget Hardanger- konferansen		Torsdag 13. Kvam Harding- tinget							Ons-Tors 5.-6. Ullensvang Hardanger- konferansen	
Rådmanns- forum	Tirsdag 28. Odda			Onsdag 23. Digitalt		Torsdag 5. fellesmøte	Torsdag 11. Digital	Tirsdag 21. Digitalt		Fredag 12. fellesmøte

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.